

REFERAT: STYREMØTE SOFUL, 11.12.2018

Sogn og Fjordane
Ungdomslag

Referent:

Christoffer Knagenhjelm
Mob.: 48004817
E-post: christoffer@ungdomslag.no

ORGNR. 974805677
WWW.SOFUL.NO
WWW.FACEBOOK.
COM/SOFUL/

Til stades: Hildegunn R. Gjelsvik (styreleiar), Inge Masdal og Jorunn Sundal

Ikkje til stades: Knut P. Bøyum og Alf Jørgen Bråtane

SAKLISTE:

1. Ev. innspel til arbeidsplan for 2019
2. Arbeid med bornestemne i Fjærland 2019 (sjå vedlegg).
3. Orientering om Huset i Bygda
4. Ymse

1. Arbeidsplan for 2019.

Christoffer fekk i oppgåve å jobbe vidare med arbeidsplan for 2019. Viktige punkt vil vere bornestemne i Fjærland, finansiering av Huset i Bygda (HiB) etter 2019, kontakt med lokallag og innspeling av julesongar. Sistnemnde er fortsetjing av arbeidet med julesongheftet. Kontakt/sal av juleheftet til skuleverket er òg noko ein må sjå på.

2. Arbeid med bornestemne i Fjærland.

Styret ynskjer at Fjærland Ungdomslag tar på seg arbeidet med å skipe til bornestemne i Fjærland. Styret gjorde òg vedtak på at SOFUL støtter arrangementet med inntil kr. 10 000,- Christoffer fekk i oppgåve å skrive formell stadfesting på vedtaket til Fjærland Ungdomslag.

Knut P. Bøyum deltok ikkje på styremøtet og var ugild i behandling av saka.

3. Christoffer orienterte kort om HiB.

M.a. skal han i møte med fylkeskommunen om løyving til HiB i januar for 2019. Regionsamlingar vil vere viktig del av arbeidet (mykje tid har gjekk med i planlegging av kulturbyggkonferansen i 2018. Han skal òg ha ansvar for HiB i Møre og Romsdal frå januar 2019. HiB er òg i dialog med Sparebankstiftinga om å administrere tilskotsordninga «lagseigde kulturbygg frå 2019. Dette vil bli avgjort i janar/februar 2019.

4. Ymse. Jorunn orienterte om Jul i Sunnfjord.

- Så langt ser det veldig positivt ut. Fleire butikkar har ringt om bedt om påfyll av hefte.

- SOFUL fekk løyve frå sogelaget i Sunnfjord om å gje ut juleheftet under namnet «Jul i Sunnfjord». Sogelaget har bedt om møte på nyåret for å avklare om dei ev. vil inn i redaksjonsnemnda frå 2019.

